



**ULVIK HERAD**  
Skeiesvegen 3  
5730 ULVIK

**EIGARSTRATEGIMELDING**

**FOR**

**ULVIK HERAD**

**INNHALD:**

- 1. Heradstyret sitt vedtak i møte 13. desember 2006.**
- 2. Kommunalt eigarskap - mål og strategiar.**
- 3. Eigaroppfølging.**
- 4. Val av organisasjonsform.**
  - 4.1. Aksjeselskap.**
  - 4.2. Stiftingar.**
  - 4.3. Kommunalt føretak.**
  - 4.4. Interkommunalt samarbeid.**
  - 4.5. IKS – Interkommunalt selskap.**
- 5. Ulvik herad sine eigarinteresser.**
  - 5.1. Aksjeselskap.**
    - 5.1.1. Voss industri AS.**
    - 5.1.2. Hardangerbrua AS**
    - 5.1.3. Reismål Hardangerfjord AS**
    - 4.1.4. Indre Hardanger Kraftlag AS**
    - 5.1.5. Kommunekraft AS.**
    - 5.1.6 Cruise Norway AS.**
  - 5.2. Stiftingar.**
    - 5.2.1. Ulvik bustadstifting.**
    - 5.2.2. Rallarmuseet.**
    - 5.2.3. Olav H. Hauge Stiftinga.**
  - 5.3. Kommunalt føretak.**
    - 5.3.1. Ulvik Poesifestival KF.**
  - 5.4. Interkommunalt selskap - IKS.**
    - 5.4.1. Indre Hordaland Miljøverk IKS.**
  - 5.5. Andelslag.**
    - 5.5.1. Ulvik vatningslag.**
    - 5.5.2. KLP (Kommunal landspensjonskasse).**
- 6. Kven skal representere Ulvik herad i styrer, råd og utval, og korleis skal dei kommunisere med Ulvik herad som eigar ?**

## **1. Heradstyret sitt vedtak i møte 13. desember 2006.**

I sitt møte 13. desember 2006 gjorde Ulvik heradstyret slikt vedtak:

” Heradstyret ber politikanane Knut Nes, Haakon Gjerde, Gunnbjørg Øyre og Kjell Røkenes (leiar) utarbeide forslag til eigarstrategi for kvart einskild selskap som Ulvik herad har eigarskap i.

Heradstyret ber rådmannen i saman med komiteen utarbeide rutinar for oppfølging av eigarskapen.”

Arbeidsgruppa har hatt 3 møter og legg ei samrøystes innstilling fram for heradstyret til godkjenning.

## **2. Kommunalt eigarskap - mål og strategiar.**

Eigarstrategimeldinga er ein gjennomgang av dei ”selskap” som Ulvik herad har eigarinteresser i, med målsetting om å legge føringar for korleis eigarskapen skal utøvast sett utifrå Ulvik herad sine interesser som eigar, og sett utifrå den einskilde verksemda sine interesser.

Det er samstundes viktig å ha klart for seg at det stadig skjer endringar i samfunnet rundt oss som gjer det nødvendig å foreta nye vurderingar og tilpassingar alt etter kva som er det beste for verksemda, og for heradet som eigar. Det er difor viktig å få på plass nokre føringar for korleis dei som representerer kommunen

1. opptrer som eigarar i styresamanheng, og ikkje minst - korleis dei som representerer kommunen
2. rapporterer tilbake til eigar om aktuelle problemstillingar i selskapa.

Oppstillinga av selskap kommunen har eigarinteresser i viser at selskapa er oppretta med ulike formål. Dei fleste er oppretta for å løyse bestemte oppgåver i samarbeid med nabokommunar og næringsinteresser i regionen, medan nokre er oppretta med formål å ta seg av reine kommunale oppgåver som er organiserte ”ut av” kommuneorganisasjonen. Om dette er ei god løysing heng saman med ønskje om å finne praktiske ordningar, i tillegg til at det og gjerne har politiske føringar i seg. Arbeidsgruppa har og som målsetting å meine noko om dei organisasjonsformene som er valde er dei rette utifrå kva målsettingar vi skal ivareta.

Det er og viktig å ha tenkt igjennom korleis dei som representerer Ulvik herad skal kunne utøve arbeidet som kommunale styreprerantar. Dei må kunne noko om regelverket rundt kven som kan veljast og når tid ein kan verte ugild, og dei må få kjennskap til kva prosedyrar kommunen har for mottak av informasjon om selskap dei har eigarinteresser i. Og til sist, - det må kunne utvekslast synspunkt og meiningar om korleis prosedyrar rundt dette fungerer og om det trengst endringar for å få dialogen til å bli betre.

Oppretting av selskap må ha sin bakgrunn i tankar om å løyse konkrete oppgåver. Om dette skal skje i eigen regi, evt. organisert ”ut av ” kommunen i eit eige selskap, eller om oppgåveløysinga skal skje i samarbeid med andre må vurderast frå sak til sak.

Det har dei siste åra vore ein trend i kommunenorge å etablere eigne selskap utanom kommuneorganisasjonen med det formål å løyse kommunale oppgåver. Tanken er då å reindyrke eit saksområde og drive dette utifrå ein rein bedriftsmessig tankegang. Mest vanleg er kanskje drift av kommunale bygg og eigedomar. Fordelen med ei slik selskapsdanning er at ansvarstilhøva vert klare, og at det vert stilt forretningsmessige krav om effektiv drift og resultat. Ei av ulempene med slike selskap er at den politiske styringa vert svekka, og at selskapet vert ein ”stat i staten” med liten vektlegging på at kommuneorganisasjonen har trong for å ta heilskapsomsyn. Det er ofte og problem med å trekke klare grensoppingar mellom det som skal inn i ei ”utskild verksemd” og det som skal utførast i kommuneorganisasjonen, i tillegg til at det må utviklast bestillarkompetanse og med det auka byråkrati.

Generelt er det likevel rett å peike på at målet med selskapsdanningar og nye organisasjonsformer er meir effektiv drift og større fokus på måloppnåing. I tillegg må det og presiserast at verksemdar med stor kommunal eigarskap må ha dei same høge krav på seg om serviceinnstilling for brukarane og eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette. Dei må og følgje lov og regelverk på ein høgverdig måte og unngå å komme opp i gråsoner der det er uklart om ein er på kant med gjeldande lovverk eller ikkje.

### **3. Eigaroppfølging.**

Ved selskapsdanning er det styret for verksemda som er ansvarleg for drifta, og eigaroppfølginga må skje gjennom styret og dagleg leiar.

Eigar(ane) definerer hovudmåla for verksemda gjennom vedtektene, og overlet til styret å sjå til at verksemda arbeider effektivt og målretta for å nå vedtekne mål. Graden av styret sitt ansvar er regulert gjennom den aktuelle selskapsforma, og om det er ein eller fleire eigarar å ta omsyn til. Eit heileigd kommunalt selskap vil lettare ha tett kontakt med kommuneorganisasjonen enn eit selskap der fleire eigarar må handsamast likt og på ein meir formell måte for å unngå forfordeling mellom eigarane.

Eigaroppfølginga frå Ulvik herad si side har truleg ikkje vore god nok fram til i dag, og dei personane som vert peikte ut til styreverv i kommunale og interkommunale selskap får stort sett slike oppdrag utifrå faste partifordelingar. Partimessig rett fordeling vert viktigare enn å tilføre selskapa rett styrekompetanse, og det bør og vurderast om det ikkje i mange høve vil vere betre å tilrå fagkompetente personar til styreverv framfor personar med ”rett” partibok. Sett utifrå eit slikt synspunkt vert det difor viktig å få til gode rutinar for dialog og tilbakemeldingar mellom styre og styrerepresentantar og Ulvik herad som heil- eller deleigar.

Grunngjevinga for kvifor Ulvik herad skal stå som eigar eller medeigar av ulike selskap endrast over tid, og må jamleg vurderast med nye auge. Selskap som vart oppretta for å ta vare på samfunnsinteresser t.d. knytt opp mot samferdsel eller elektrisitetsforsyning hadde gjerne eit politisk grunngjeve eigarskap. Endringar i tida med fusjonar og oppkjøp og ikkje minst marknadstilpassing av tenestetilbod har skapt endra føresetnader. Grunnlaget for eit kommunalt eigarskap kan difor ha blitt endra.

Politisk grunngeve eigarskap kan og ha i seg element av ønskje om å oppretthalde arbeidsplassar i kommunen, noko som kan føre med seg at det ikkje vert stilt krav frå eigar om optimal økonomisk avkastning frå selskapet. Dette i motsetnad til selskap der eigarskapen er finansielt grunngeven. I slike selskap er målsettinga å sjå til at kommunen tener mest mogeleg pengar som då igjen kan nyttast til beste for kommunen sine innbyggjarar. Kraftbransjen er truleg døme på ei slik endring - frå å vere ein bransje med samfunnsbyggjande karakter, har sektoren i dag gjennom liberaliseringa av kraftmarknaden meir og meir fått preg av å vere ein sektor av finansiell karakter.

Spørsmåla som må stillast vert difor kva som skal vere i offentleg eige, og kva som er grunngevinga for eigarskapen ?

Og, - om vi vel eit offentleg eigarskap - korleis skal dette organiserast og gjennomførast i det daglege ?

Som eksempel på korleis ulike eigarmålsettingar gjev seg utslag i organisasjonen/verksemda sine vurderingar kan skjematisk settast opp slik:

#### **Eigarmålsettingar:**

#### **Verksemda sine målsettingar:**

Maksimalt utbytte	>>>>>>	Effektiv drift
Sikkert utbytte	>>>>>>	Risikospreiing
Arbeidsplassar	>>>>>>	Flest mogeleg tilsette
Regional næringsutvikling	>>>>>>	Ønskje om å etablere ny verksemd
Ingen definert målsetting	>>>>>>	Leiinga legg til grunn eigendefinerte mål

## **4. Val av organisasjonsform.**

### **4.1. Aksjeselskap.**

Aksjeselskap vert oppretta med heimel i aksjelova av 13. juni 1977. Viktigaste særtrekk ved aksjeselskapsforma er at aksjeeigarane ikkje er ansvarlege for selskapet sine forpliktingar utover innskoten aksjekapital. Eit aksjeselskap som ikkje er i stand til å oppfylle sine forpliktingar kan takast under konkurshandsaming. Selskapet sine egedelar vert disponert av styre og dagleg leiar, og ønskjer eigar å ta ut midlar frå selskapet må dette skje etter aksjelova sine reglar om utdeling av utbytte eller fondsemisjon. Utdeling av utbytte til eigarane kan berre gjerast etter framlegg frå styre og må vedtakast av generalforsamlinga.

Eit aksjeselskap er eit eige rettssubjekt og det kan ha ein eller fleire deltakarar. Aksjekapitalen må vere på minimum 100.000 kr., og aksjeselskapet sitt høgast organ er generalforsamlinga. Generalforsamlinga er eigaren sitt organ i selskapet.

Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av selskapet, og som hovudregel er det styret som tilset dagleg leiar. Dagleg leiar skal då styre selskapet etter dei planar, retningsliner og prinsipp som styret har vedteke, og eigar følgjer opp sitt mynde i selskapet gjennom generalforsamlinga. Det er difor gjennom vedtak i generalforsamlinga at eigar kan

fastsette rammer og gje reglar for styret og dagleg leiar av selskapet. Det er og generalforsamlinga som vel styre og som evt. og kan avsette eksisterande styre.

Styrerepresentantar i kommunalt eigde aksjeselskap står i prinsippet fritt til å treffe avgjerder til beste for selskapet utan å ta omsyn til eigar sitt syn og ønskje. Er eigar usamd med dei vedtak som vert tekne i selskapet kan difor løysinga vere å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling og skifte ut styret. I denne samanheng bør det og vurderast om det ikkje i nokre høve kan vere nyttig for heradstyret i forkant for generalforsamlinga å gjere vedtak som bind opp representantane si stemmegjeving på generalforsamlinga. Det kan og i nokre samanhengar vere viktig kor stor eigardel kommunen har i eit aksjeselskap. Er selskapet 100 % eigd av kommunen er selskapet å sjå på som eit dotterselskap av eit konsern. Eig kommunen 67 % av selskapet har ein kontroll over to tredjedel av stemmene i selskapet og kan endre vedtektene, gjere vedtak om fisjon eller fusjon, auke eller sette ned aksjekapitalen eller omdanne og i verste fall oppløyse selskapet.

Ved 50 % eigarselskap i eit aksjeselskap har kommunen herredømme over avgjerder som vert tekne med alminnelig fleirtal. Dette gjeld val av styre og godkjenning av årsrekneskap og vedtak om utdeling av utbytte.

Er eigarskapen på minimum 34 % av selskapet har kommunen negativ kontroll over selskapet og kan hindre vedtak som krev to tredjedels fleirtal. Dette gjeld mellom anna framlegg om vedtektsendringar.

#### **4.2. Stiftingar.**

Stiftingar er oppretta etter eiga lov av 15.06.01 (sett ut i livet frå 01.01.05). Stiftingar er sjølveigande og har difor ingen eigarar eller deltakarar. Når stiftinga er oppretta har den som står for opprettinga ingen råderett over formuesverdiene som er ført over til stiftinga. Stiftingar vert leia av eit styre peika ut i tråd med vedtektene. Og ikkje minst – ei kvar stifting må ha eit bestemt formål.

Stiftingar kan vere ei eigna organisasjonsform der ein ønskjer å sikre verdiar under skiftande forhold, og der ein ønskjer å løyse oppgåver som eignar seg til å skilje ut og gje fullt sjølvstende. I og med at stiftinga ikkje har eigarar kan ein kommune heller ikkje ha innverknad på stiftinga som eigar, - det er formålet med stiftinga som er styrande.

#### **4.3. Kommunalt føretak.**

Kapittel 11 i kommunelova gjev reglar om kommunale føretak, og kommunale føretak er som rettssubjekt ein del av kommunen. Festivalutvikling som kommunalt føretak er difor ikkje noko eige selskap med rettslig eller økonomisk sjølvstende, og kommunen er kontraktmtpart i dei avtaler som føretaket går inn i. Føretaket vert leia av eit styre med mynde til å treffe avgjerder i føretaket sine saker. Reglane om kommunale føretak er utforma med sikte på å vere eit tilbod for organisering av meir forretningsprega verksemd, og organisasjonsforma vil ikkje passe for verksemdar der "offentlig myndighetsutøvelse er fremtredende".

Føretaket vert leia av eit eige styre og ein dagleg leiar, og styret har det overordna ansvaret for å organisere den aktiviteten føretaket skal drive. Styret sitt ansvar gjeld ikkje berre den forretningsmessige sida av verksemda, men og generelt forvaltninga av dei verdiar og oppgåver kommunen har lagt til føretaket. Det er og styret og dagleg leiar som opptre utad på vegne av kommunen.

I og med at føretaket er ein del av kommunen er det og underlagt kommunestyret, og kommunestyret fastset gjennom vedtekter kva formålet med føretaket er. Kommunestyret kan og gjennom vedtektene eller andre vedtak gje bindande pålegg for føretaket, og legg difor premissane for styret sitt arbeid. Føretaket er og sjølvstendig underlagt dei økonomiske rammene kommunestyret legg til grunn.

#### **4.4. Interkommunalt samarbeid.**

I § 27 i kommunelova er det reglar for korleis samarbeid mellom kommunar kan organiserast gjennom eit eige styre. Dette gjeld berre samarbeid som ikkje er organisert som eit eige rettssubjekt, og organisasjonsforma har vore til vurdering dei siste åra. Det har vore stilt krav frå statleg hald om at slike samarbeid skulle organiserast som eit eige IKS (Interkommunalt selskap) etter lov av 29. jan. 1999 innan ein fastsett frist, men dette kravet er no stilt i bero.

Organisert samarbeid etter § 27 i kommunelova er likevel problematisk både med omsyn til ansvar og mynde, og krev detaljerte vedtekter med klargjering av føremål med samarbeidet, styresamansetting, fullmakter til styret, eigarforhold, økonomiske forpliktingar og reglar for oppløysing av samarbeidet.

#### **4.5. Interkommunalt selskap (IKS).**

Opprettinga av interkommunale selskap (IKS) skjer i medhald av eiga lov av 29. jan. 1999. Eit IKS er eit eige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilt frå deltakarkommunane. Selskapet skaffar sjølv sine inntekter, og svarar for alle forpliktingar. Selskapet inngår og eigne avtaler og opptrer som sjølvstendig part i rettssaker.

Skilnaden frå eit aksjeselskap er at i eit IKS er deltakarane ansvarleg i samsvar med den prosentdelen av selskapet dei eig, medan i eit AS er eigarane ansvarleg berre for innskoten aksjekapital.

Representantskapen er eigarane sitt organ i selskapet, og det er her deltakarane utøvar sitt mynde. I representantskapen skal alle eigarane ha minst eitt medlem, og her kan eigarane treffe vedtak som bind styret eller dei kan gjere om tidlegare styrevedtak.

Gjennom eigen selskapsavtale vert det fastsett kva saker som skal høyre inn under styret sitt mynde, og kva saker som krev godkjenning av representantskapen, men likevel slik at viktige avgjerder som godkjenning av rekneskap, budsjett, økonomiplan med meir etter lovteksten skal godkjennast av representantskapen.

Samla sett gjev desse reglane deltakarkommunane større innflyting over selskapet enn det aksjelova gjev deltakarane i eit aksjeselskap. Dette kjem av at deltakarane i eit IKS har eit ubegrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar, og når ein tek på seg eit større ansvar så må ein og få utvida styringsrett.

## **5. Ulvik herad sine eigarinteresser.**

### **5.1. Aksjeselskap.**

#### **5.1.1 Voss Bedriftsservice AS.**

Voss Bedriftsservice as. er ei av nær 100 atfføringsbedrifter på landsbasis. VBS har 8 årsverk og om lag 50 tiltaksplassar av ulik kategori. VBS tilbyr yrkesvalhemma bistand i høve opplæring, arbeidspraksis og kompetanseheving. Nedslagsfelt/kjerneområde er Voss, Granvin, Ulvik, Vaksdal og Modalen.

Ulvik sin eigardel er på 0,80 %, og bokført verdi er sett til kr. 20.400.

Ulvik har ingen representantar i styrande organ i verksemda, og har difor liten påverknad på korleis selskapet skal drivast. Verksemda er lokalisert i Voss kommune, noko som på grunn av fysisk avstand gjer det vanskeleg for personar busette i Ulvik å nytte seg av tilbodet.

#### **5.1.2 Hardangerbrua AS.**

Hardangerbrua AS er eit kommunalt/fylkeskommunalt aksjeselskap oppretta for å finansiere og realisere bru over Hardangerfjorden. Aksjonærar er Hordaland fylkeskommune saman med kommunane Bergen, Kvam, Granvin, Voss, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang.

Formålsparagraf:

Selskapet sitt formål er å bygge bru over Hardangerfjorden.

Aksjekapital kr. 150.000 fordelt på 15 aksjar, og av selskapet sitt styre på 7 medl. vert 4 oppnemnde av fylkestinget, ein av Bergen kommune og dei resterande to frå Voss/Hardanger.

For tida er Hardanger representert i styret ved ordføraren i Ullensvang.

#### **5.1.3 Reisemål Hardangerfjord AS.**

Reisemål Hardangerfjord AS er eit marknadsføringsorgan for reiselivet i dei 7 Hardangerkommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Selskapet vart etablert i 1993 og har kontoradresse Norheimsund. Aksjekapitalen er på 522.000 kr. fordelt på 179 aksjonærar. Vår eigardel er difor avgrensa, men marknadsføring for reiselivet må skje i tett samarbeid med øvrige kommunar i regionen, og vert godt teke hand om av selskapet.

#### **5.1.4 Indre Hardanger kraftlag AS.**

Indre Hardanger Kraftlag AS er eit aksjeselskap eigd av:

- Ullensvang herad (47,9 %)
- Eidfjord kommune (31,9 %)
- Ulvik herad (20,2 %)



Selskapet driv med produksjon av kraft (40 GWh), har ansvar for nettdrift, driv kraftomsetnad til eigne kundar, sel kraft for eigarkommunar og vil få eigardelar innanfor private produksjonsselskap. Konesjonsområdet omfattar og Granvin herad.

Selskapet fyller difor fleire oppgåver for eigarkommunane. I tillegg til å vere ein fullverdig aktør i ein liberalisert kraftmarknad og skulle opptre på vegne av eigarane på forretningsmessige vilkår, har selskapet ansvar for å bygge ut og vedlikehalde eit høg- og lågspennnett på rundt 930 km og sjå til at vi har sikker og trygg straumforsyning innanfor konesjonsområdet. Som eigar av selskapet er Ulvik herad interessert i både å ha eit godt utbygd og driftssikkert forsyningsnett, noko styret stadfester at vi har, men samstundes har vi som eigar ønskje om å få størst mogleg avkastning av den kapitalen vi har skote inn i selskapet. Heradstyret sitt styringssignal til selskapet kan difor lett bli ”ja takk, begge deler”, og heradet som eigar bør difor vurdere om selskapet er organisert på ein tenleg måte.

I denne vurderinga kjem og sjølvstilt inn synspunkt knytt opp mot det å ha lokalt eigarskap i eit selskap som har ”samfunnsmessige interesser.”

Den verddivurderinga som ekstern konsulent utarbeidde i juni 2007 viser at vi som eigarar er sette til å forvalte store verdiar, noko som krev både langsiktig planlegging og klare styringssignal.

### **5.1.5 Kommunekraft AS.**

Kommunekraft AS er eit selskap oppretta av Landssammenslutningen av vannkraftkommuner (LVK) med formål å ”formidle disponibel kraft, herunder konesjonskraft på vegne av deltakende kommuner og fylkeskommuner til best mulige kommersielle betingelser i det åpne markedet.”

Vår eigarskap i selskapet er knytt opp mot bistand i vanskelege og kompliserte saker innanfor kraftsektoren.

### **5.1.6 Cruise Norway AS.**

Cruise Norway er eit marknadsføringsselskap med formål å marknadsføre Noreg og Svalbard som cruisedestinasjon. Selskapet har 49 eigarar, og Ulvik sin eigardel er på 0,3 %. Selskapet har ein viktig funksjon for Ulvik og for heile reiselivsbransjen i Hardanger og Bergen, men vår påverknad som medeigar i styrande organ i selskapet er liten.

## **5.2 STIFTINGAR.**

### **5.2.1 Ulvik bustadstifting.**

Ulvik bustadstifting har som hovudformål å ”leige ut husvære i eit trygt og godt bumiljø.” Ulvik herad har bokført 110.000 kr. av stiftingskapitalen, medan Skeie Tre AS, Ulvik Snikkarverkstad AS, Ulvik Skogplanteskule, Sparebanken Hardanger, Ulvik reiselivslag og Brakanes Hotell Eigedom står for 15.000 kr. kvar.

Ulvik herad har ein av tre styremedlemmer i stiftinga.

Det kan stillast spørsmål ved om heradstyret treng å ta ei vurdering av problematikken rundt kommunale bustader og om ei stifting er eit teneleg instrument for å løyse dei utfordringar Ulvik herad har på dette feltet.

### **5.2.2 Rallarmuseet.**

Stiftinga Rallarmuseet Finse vart etablert i 1986 av Finse Vel, Finse 1222, NSB, Ulvik herad og Norsk jernbaneklubb. Formålet er å føre vidare til etterslektene alt vedrørande den spesielle historia til høg fjellstrekninga på Bergensbanen.

I 1999 vart det etablert eit "Dokumentasjonssenter for Bergensbanen" i Østre lokomotivstall på Finse, og museumssamlinga vart flytta dit i år 2000. Stiftinga vert finansiert med tilskot i hovudsak frå staten, men og med bidrag frå fylkeskommunar, kommunar og private.

### **5.2.3 Olav H. Hauge Stiftinga.**

*Formål:*

Å arbeide med dokumentasjon og formidling av forfattarskapen til Olav H. Hauge og å arbeide for at diktarheimen til Olav H. Hauge (gnr. 52, bnr. 8, Rossvoll) vert teken vare på som eit minne og litterært museum om forfattere.

Stiftingskapitalen utgjer kr. 200.000,-. Stiftingskapitalen er urørleg, og heile avkastinga skal kvart år leggast til kapitalen.

Stiftinga vert leia av eit styre på 6 medlemmer, - 2 av desse frå Ulvik herad.

*Vurdering av eigarskapen:*

Representantane frå Ulvik herad skal saman med repr. for Det Norske Samlaget, Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune og Venelaget Olav H. Hauge arbeide for å fremme forfattarskapen til Olav H. Hauge i tråd med vedtektene.

## **5.3. Kommunale føretak.**

### **5.3.1. Ulvik Festivalutvikling KF Ulvik Poesifestival.**

*Formål:*

UF sitt føremål er med utgangspunkt i Olav H. Hauge sin forfattarskap og poesi som litterær sjanger å skape ein møtestad for poesi og litteraturfaglege spørsmål.

Ulvik Poesifestival har som føremål å fremje innsikt og opplevingar knytte til poesien som uttryksform.

Festivalen skal arbeide for å auke kunnskapen om og interessa for Olav H. Hauge sin forfattarskap og poesi ved å presentere eit mangfald innanfor nasjonal og internasjonal poesi gjennom ein festival på høgt kunstnarleg nivå.

Med poesien i sentrum skal festivalen kunne ta opp tema innanfor område som naturleg grensar til litteraturen.

Festivalen skal gjennom samarbeid med det øvrige kulturlivet, næringslivet og det offentlege bidra til å trekke nye gjester til Ulvik og til å styrke bygda sin profil som reisemål for kulturinteresserte samt bidra til at kultur blir ein positiv reiskap for å styrke folk sin identitet. Festivalen vert skipa til annakvart år i september.

UF kan vidare engasjere seg i samarbeidstiltak som fremjar føretaket sitt føremål. Samarbeidsprosjekt/tiltak som trekkjer med seg økonomiske plikter/konsekvensar utover budsjett/ramme må godkjennast av heradstyret.

#### *Organisasjon.*

Ulvik herad vel 3 av fem styremedlemmer i føretaket, - dei to andre vert valde av Venelaget Hauge og Ulvik reiselivslag, og styremedlemmane bør som kollegium i tillegg til ordinær styrekompetanse og ha god kompetanse innanfor kulturfeltet og Olav H. Hauge sin forfattarskap spesielt.

### **5.4. Interkommunale samarbeidsorgan.**

#### **5.4.1. Indre Hordaland miljøverk IKS.**

Indre Hordaland miljøverk er skipa av kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss med formål å gje eit miljøretta og kostnadseffektivt tilbod på avfallstenester til alle innbyggjarane i regionen.

Selskapet er organisert som eit IKS etter eiga lov frå 29. jan. 1999, og kvar av kommunane er representert med eitt medlem i styret. I representantskapen har Voss kommune 5 representantar medan dei andre kommunane har to representantar kvar. Selskapet er skipa for å ta seg av kommunale avfallstenester i samarbeid med nabokommunar, og desse oppgåvene vert i hovudsak finansiert gjennom brukarbetaling. Arbeidsgruppa meiner ei slik organisering i eit interkommunalt samarbeidsorgan er ein god måte å løyse ei kommunal oppgåve på, - ei oppgåve som ligg i grenselandet mellom kommunal forvaltningsoppgåve og kommunal forretningsdrift.

### **5.5. Andelslag.**

#### **5.5.1. Ulvik vatningslag.**

Ulvik vatningslag BA (selskap med avgrensa ansvar) vart stifta i mai 1983, og er i Brønnøysundregisteret registrert som eit selskap som yter tenester med tilknytning til planteproduksjon.

I rekneskapen er Ulvik herad registrert med ein bokført verdi av 205.000 kr.

Av vedtektene går det likevel fram at det er ”jordbrukarar innan laget sitt forsyningsområde som kan kjøpe partar, og at partane er bundne til eigedomane”.

Lista over grunneigarar i vatningsområdet utgjer i underkant av femti eigedomar, og Ulvik herad er ein av desse (Klokkargarden). Slik vedtektene for vatningslaget er utforma har Ulvik

herad difor liten påverknad på korleis laget skal drivast, og rekneskapsmessig verdi ført i kommunerekneskapen gjev difor ikkje rett bilete av eigarforholdet i selskapet.

### **5.5.2. KLP.**

KLP er eit livsforsikringsselskap med ein forvaltningskapital på over 180 milliardar kroner. Selskapet sin organisasjonsform er definert som eit ”gjensidig selskap eigd av kundane”. Selskapet leverer pensjons-, finans- og forsikringstenester til kommune- og helsesektoren, og har i dag rundt 335 kommunar og fylkeskommunar, 2300 bedrifter, 31 helseføretak og 5 regionale helseføretak som kundar (og dermed og som eigarar).

Generalforsamlinga i selskapet består av 160 valde representantar, og desse vert peika ut av eigarane fylkesvis.

Ulvik herad sin eigardel i selskapet er i 2006-rekneskapen sett til 1.299 mill. kr.

Selskapet er eit livsforsikringsselskap som tek hand om pensjonsforsikringane for alle våre tilsette, og opererer i ein marknad der det i dag er konkurranse om pensjonsforsikringar.

Selskapet har i periodar hatt trong for å utvide kapitalgrunnlaget, og har på grunn av eigarforma då måtte be om tilskot frå eigarane. Dette har vore rimeleg kontroversielt, og selskapet vart i 2004 freista gjort om til aksjeselskap. Framlegg om å omdanne selskapet til aksjeselskap vart likevel ikkje godkjent, slik at eigarane vil kunne måtte gå inn med eigarandelar for å styrke eigenkapitalen dersom det igjen skulle bli trong for dette. Selskapet har no bygd opp bufferfond slik at vi får tru dette ikkje vil bli aktuell politikk. Ulvik herad vel representantar til generalforsamlinga gjennom fylkesvise val saman med andre hordalandskommunar som framleis nyttar KLP som sitt pensjonsforsikringsselskap.

## **6. Kven skal representere Ulvik herad i styrer, råd og utval, og korleis kommuniserer desse med Ulvik herad som eigar.**

Fram til i dag har dei politiske partia i hovudsak fordelt styreverv og representasjonsoppgåver seg i mellom med basis i den styrken valresultatet har gjeve. Ei slik fordeling av verv gjev legitimitet og truverde, men ikkje nødvendigvis alltid dei rette personane i viktige funksjonar for heradet.

Kanskje kan det vurderast om såkalla profesjonelle aktørar skal plasserast i styre for kommunalt eige verksemder, sjølv om erfaringane ved ei slik ”profesjonalisering” av mellom anna styra i dei statlege helseføretaka ikkje har vore udelt positive.

Spørsmålet vert likevel kva som er viktigaste kriterium for å verte peika ut til ein bestemt funksjon – ”partibok” eller fagleg kompetanse. Det beste var sjølv sagt at dei som representerer Ulvik herad oppfyller begge desse kriteria, men vi må i det minste ta sikte på å gje kurs og opplæringstilbod til styrerepresentantar for å kunne kompensere for manglande profesjonalitet i ein viktig funksjon for heradet.

Viktig er det og å ha reglar for korleis desse som representerer Ulvik herad kommuniserer med eigar, dvs. korleis dei får og mottek styringssignal og korleis dei rapporterer tilbake til eigar.

Arbeidsgruppa vil gjere framlegg om følgjande tiltak.

- Heradstyret vert halde orientert ved at referat frå styremøtar og generalforsamlingar vert lagde fram som orienteringssaker. Dette sjølvstakt innanfor dei reglar og avgrensingar som ligg i lovverket om offentleg innsyn.
- Dei som representerer Ulvik herad i styrer som heradet har eigarinteresser i, må ha som målsetting å orientere heradstyret minst ein gong i året om status for verksemda/selskapet. Dette kan skje ved å reservere eit eige heradstyremøte til ei slik orientering, eller at det vert sett av tid til slik tilbakemelding ved starten av kvart heradstyremøte.
- Styrerepresentantar vert oppmoda om å ha tett kontakt med ordførar i alle viktige saker som dei møter i sitt arbeid som styrerepresentantar for Ulvik herad.
- Ulvik herad tek sikte på å tilby kurs og opplæring i styrearbeid til dei som vert peika ut til å representere Ulvik herad i ulike selskap.
- Ulvik herad bør og sjå til at vedtekne reglar om lik kjønnsfordeling vert praktisert ved val av representantar til styrer, råd og utval.
- Ethiske retningslinjer for Ulvik herad gjeld og for styrerepresentasjon

Ulvik heradstyre vedtek eigarstrategimeldinga slik denne vert lagd fram, og sluttar seg til arbeidsgruppa sine konklusjonar. Dette med ei målsetting om at Ulvik herad skal verte ein meir aktiv og styrande eigar i dei selskap vi har eigarinteresser i.

Ulvik 28. august 2007.

Kjell Røkenes  
leiar

Knut Nes

Gunnbjørg Øyre

Haakon Gjerde

Jon Oppedal